



STRANDEBARM



VIKØY



NORHEIMSUND



ØYSTESE



ÅLVIK

INFORMASJON

KYRKJEBLAD

FOR KVAM

NR. 2 • JUNI 2025
86. ÅRGANG



«Sommer- drømmen»

side 4

Gamalt
kyrkjeliv

5

Høgt og fritt
i Strandebarm

7

Konfirmant-
bilette 2025

8–9

Soknerådet i Ålvik
med stordugnad

12



FRAMSIDA

Foto frå «Sommerdrømmen».
Fotograf: Gøril Kjosås

Er hodet ditt fullt
med

Ring eller skriv. 22 40 00 40
Vi er her. Alltid. soschat.no

KIRKENS
SOS

Ynskjer du gravstell?



Ring kyrkje-
kontoret for
prisar og info:
tlf. 47 48 31 20.
Eller sjå heimesida
kyrkja.no/kvam

LEIAR

Israel og kyrkja

Aldri vert det stillare i rommet enn når nokon vågar ta Israel sitt namn på sine lepper i ein diskusjon. På ein blunk har me krope ned i kvar vår skyttargrav, og dei uforsonlege stillingane synest uoverstigelege. Motsetnader kløyver forsamling og familie, og livet er brått fritt for nyansar, her er det svart eller kvitt: anten er du med oss, eller er du imot oss. Det er liksom ingenting imellom?

No har biskopane i Den norske kyrkja i fellesskap kome med ein uttale, slik biskopar gjerne gjer når dei er samla. Denne er for lang til å referera her, men lat det vera sagt: det gjorde godt å lesa. Dei vågar det mange av oss tenkjer, men ikkje alltid seier: at det som no føregår i Gaza er riv, ruskande gale. Ein liten leiarartikkel i eit landsens kyrkjeblad kan ikkje femna alle sider ved denne betente konflikten. Den har sterke religiøse og apokalyptiske overtonar, i tillegg til det reinte politiske. Mange av oss vaks opp med forteljinga om Israel som det lova landet, og det vesle og heroiske riket var omkransa av fiendar på alle

Olav Skeie Lid

Redaktør



sider. Det er framleis ei forteljing som mange held høgt og heilagt, og som slett ikkje er utan sanning. Men sanninga er også denne: Israel er ein fryktinngytande krigsmaskin, som rår over atomvåpen, og som no held på å utsletta Gaza som bustad for årtier framover. Dette må me som kyrkje og kristne våga seia noko om, sjølv om me veit at det er eit hav av ulike aspekt og innsteg i denne flokute konflikten. Men den dehumaniseringa av eit heilt folk som me no er vitne til frå eit totalt overlegent Israel, der svolt vert nytta som kollektiv avstraffing av heile den palestinske befolkninga på Gaza – det verken kan eller skal me vera tause om. Så kan me vera usamde om verkemiddel, om årsak, om historie, om Hamas si rolle, om det geopolitiske spelet, om korvidt kritikk av Israel fremjar den farlege antisemittismen – men lidingane til det palestinske folket må me som kyrkje våga snakka høgt om.

ANDAKT

Fyrlys

Nok eit konfirmant-år er lagt bak oss. Over 100 unge lovande fekk vi bera fram for Gud i bøn. Og det er noko av det finaste vi kan få gjera for eit anna menneske. Å be, og leggja dei i Guds hender. I konfirmasjonstida har vi fått vore så-arbeidarar. Vi har delt tru og Guds ord. Noko av det som vart sådd har



Julie Haaberg

falle blant steinar eller tornebuskar, og noko har fått landa i god jord. Vi har hatt samtalar og stilt spørsmål. Når vi spurte konfirmantane om det er lett eller vanskeleg å tru, svarer mange både og. Det som mellom anna gjer det vanskeleg er korleis Gud kan vere god når det skjer så mykje vondt i verda. Det vonde sitt problem vert for omfattande å gå inn på i denne vesle andakten. Men spørsmålet dei stiller er godt, og forståeleg. For visst lever vi i ei tid med mykje uro. Livet i seg sjølve byr på opp- og nedturar. Mange unge menneske strevar, og opplever livet og kvardagen som vanskeleg. Og kanskje er det difor viktig at vi set vår lit til håpet vi har i Jesus, og deler nettopp det håpet med andre. Vi treng å bli minna om det håpet vi har i Jesus. Nokon som minner oss om Gud som seier: Kom til meg, og eg vil gi deg kvile, og eg vil vere med dykk alle dagar.

Jesus er ein mann med mange namn. Eit av dei er fyrlys. Eit fyrlys som leier, viser veg i mørke eller vanskelege

Julie Haaberg

Vikar kateket



tider. Stødig, alltid er det der, sjølv når det stormar og alt ser håplaut ut. Som vi syng i den kjente salmen Navnet Jesus blekner aldri:

*Midt i nattens mørke blinker som et
fyrlys Jesu navn.
Og hver hjelpløs seiler vinker inn til
frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner Jesu navnet
lyser enn.
Da den frelste skare synger høyt dets
pris i himmelen.*

Vi kan få hjelp til å navigera gjennom livet. Det er godt å ha blikket festa på Jesus, i takksemd, i gode tider. Det er godt å søkja kvile når ting stormar. No har vi sendt konfirmantane ut i verda, med ei trygg hamn å venda tilbake til i kyrkja. Håpet vi har i Jesus kan vi dela frimodig. Kanskje nokon du kjenner treng ei påminning. Om han som er eit stødig fyrtårn, han som alltid er den same. Eit håp som aldri sviktar. Sjølv når livet ser mørkt ut. Jesus er vårt håp.

KYRKJEBLAD FOR KVAM

Utgevar
Sokneråda i Ålvik, Øystese,
Vikøy og Strandebar

Ansvarleg redaktør
Olav Skeie Lid, ol485@kyrkja.no

Grafisk produksjon
Glynt AS

Trykk:
Kai Hansen Trykkeri
Miljømerka trykksak



Betaling
Kontigent: frivilljug / kr 350,-
Bankkontonummer: 3530.07.922
Vipps: 584927
Kan også brukast til gåver.

Annonser
Kontakt redaksjonen

Opplag
4100 per utgåve. Fire utgåver i året.

Tips til stoff
ol485@kyrkja.no



DEN NORSKE KYRKJA

KVAM KYRKJELEGE FELLESRÅD

Telefon
414 00 035 / 474 83 120

E-post
post.kvam@kyrkja.no

Vitjingsadresse
Kvam kyrkjekontor, Norheimsund kyrkje,
Kyrkjevegen 40, Norheimsund

Postadresse
Postboks 39, 5601 Norheimsund

Organisasjonsnummer
Kvam kyrkjelege fellesråd
976 995 082

Informasjon
På nettsida vår finn du alltid oppdatert informasjon.
Nettside: kyrkja.no/Kvam
Facebook: Den norske kyrkja i Kvam

Kyrkjeverja i Kvam

Olav Skeie Lid
ol485@kyrkja.no, 41400035

Sokneprest i Strandebar og Vikøy
Vetle Karlsen Eide
vk267@kyrkja.no, 400 35 356

Sokneprest i Øystese og Ålvik
Roar Strømme
rs466@kyrkja.no, 970 37 737

Kvam kyrkjelege fellesråd
Kjell Dysvik
kjell.dysvik21@gmail.com

RÅDSLEIARAR

Strandebar sokn
Margunn Mikkelsen Tordal
mmtordal@gmail.com

Vikøy sokn
Astrid Helleve Fylkesnes
a.h.fylkesnes@gmail.com

Øystese sokn
Kjell Dysvik
kjell.dysvik21@gmail.com

Ålvik sokn
Ida Lindøe,
idalind@online.no

OPNE KYRKJER I SOMMAR

Det slår aldri feil: når varmen kjem og sommaren ligg utover landet – då opnar kyrkjene i Kvam sine dører. Slik også i år. Både Vikøy kyrkje og Øystese kyrkje vil ha opne kyrkjedører i store deler av sommaren. Her kan du stiga inn i dei gamle gudshus, kjenna andedrag frå generasjonar som har site her gjennom tidene, og vita at huset har romma sorg, glede – og vore ein bustad for trua til folket vårt gjennom århundre. Opningstidene vert som følgjer:



Øystese kyrkje

Kyrkja er open i tidsrommet 7. juni til 24. august. Opningstidene varierer litt gjennom sommaren, men i hovudsak er det ope på dagtid mellom 10 og 16, men unntak for måndagar.

Vikøy kyrkje

Denne kyrkja er også open i same tidsrommet, 7. juni til 24. august. Her er opningstida frå kl 11 til kl 18 alle dagar, så nær som måndagar.

I tillegg vil også **Norheimsund kyrkje** vera open for besøk i vanleg arbeidstid – med mogelege unntak for ferieavvikling.

Ver velkomen!



Gamalt kyrkjeliv

«Klokke skal alle menn i fylket kjøpa til kyrkja si for tolv øyrer. Men om ho ikkje er kjøpt innan tolv månadar, er dei skuldig tre merker i straff til biskopen. Om det ikkje blir gjort, eller ein mann dreg seg undan, skal det bøstast tre øyrer til biskopen.»

Ja, slik står det i Frostatingslova, og Frostatinget for Møre-fylka, Trøndelag og vidare nordover, var eit av dei viktigaste tinga i Noreg. Saker kunne gå gjennom i Borgartinget (i Østfold) og Gulatinget (Hordaland), men stoppa i Frostatinget.

Men så dukka eit spørsmål opp i meg. Kvifor skal det vera klokker i kyrkjene? For å få svar på det, må me attende til biskop Paulinus (353–431) frå Nola i Campania langt sør i Italia. Han gjekk ein dag og funderte på om det ikkje kunne finnast eit eller anna instrument som kunne brukast for å kalla folk inn til gudsteneste. Medan han gjekk og tenkte, kom ein engel (himmelsk utsending) som rørte ved ei blåkklokke som stod i vegkanten. Blomen gav frå seg ein klår vakker lyd. (På latin vert blåkklokka kalla «Companuela Rotundifolia»). Problemet til biskopen var løyst.

Den eldste kyrkjeklokka som er funnen i Europa, kom frå Kartago i Nord-Afrika i 535. Til Norden kom klokker til Birka (Sverige) i 830, og til Hedeby (Danmark) i 848. Det var Nordens Apostel, Ansgar, som fekk dei til kyrkjene på dei to stadane.

Men det hadde vore støypt klokker i mange tusen år før dei kom til kyrkjene i Europa. Asia var kjent for støyping av klokker alt frå 3000 f.Kr. Kva dei der brukte klokkene til, er eg ikkje sikker på, men i nokre kloster i Tibet brukar dei klokker, etter det eg veit. Truleg har dei der og brukt dei i samband med tilbeding av sine gudar.

Klokkene har stort sett hatt same utforminga frå dei første som vart laga. Dei finst i alle storleikar, frå dei heilt små til dei svære. Og sjølvst sagt er lyden forskjellig. Jo større, jo djupare klang. Og ei godt laga klokke skal ha fleire tonar i

ettertrakta også som materiale til kanoner. Mange klokker vart omstøypa til kanoner i andre verdskrigen. Då den slutta, vart kanonene igjen støypa om, - til kyrkjeklokker.

Føremålet med klokker i kyrkjene var for å forkynne til Guds ære, peike oppover på same måte som kyrkjetårn, samle til gudsteneste, kalle til bøn, og å minna om det evige livs mål hos Gud. Men klokkene vart brukte også i ufredstider til å varsle om fiendar. Då kunne ringinga varsle moblisering. Ller kanskje ulukker, katastrofar og brannar kunne bli varsle ved ringing. Somme stader ringde dei også ved soloppgang og solnedgang og varsle om arbeidsdagens start og avslutning. I dag kan klokkene ringa når landesorg blir markert.

Tidlegare var det grannelaget som samla seg og grov opp gravene når ein person var død. Då skulle klokkene ringa når grava vart opna.

Det blir fortalt at ein lærar hadde høyrte at om eit klede vart lagt mellom slagringen og kolben, ville klokkegodset sprengjast. Og dette måtte prøvast. Han kom seg usett opp i klokketårnet og heldt lommeplagget sitt mellom gods og kolbe. Og klokka sprakk. Det kosta han om lag ei årsløn. Klokka måtte

støypast om igjen. Det vart gjort i Bergen, og den som vitjar klokkene i Vikøy-kyrkja kan lesa av alderen på den eine klokka. Omstøypinga av klokka vart gjort i 1850 av Prahls Støperi i Bergen. Den andre klokka er langt eldre, truleg frå middelalderen. Og i Øystese har klokkene namn, dess meir: Larre og Mari.



Middelalderklokka i Vikøy: Foto: Anne Marta Hoff

seg. Når kolben slår mot slagringen (nederst på klokka), kan det høyrast 5 – 6 tonar. Slagtonen er den klåraste, men overoktav, ters, underoktav og prim kan høyrast i dei ymse delane av klokka.

Ei klokke kan stemmast ved å skava av, eller leggja til gods der dei ymse tonane blir skapte. Klokkene vert stemde.

Dei fleste klokkene er støypa i bronse. Dette metallet er



«Sommerdrømmen» – eit eventyr å oppleva

Slå saman eit velklingande ungdomskor frå Bergen domkirke med eit ditto sprudlande og sjarmerande barnekor frå Øystese. Lag kostymar, leig inn profesjonelle musikarar, og set vår eigen Eirin Beate til å sy det heile saman. Resultatet? Sommerdrømmen.

Sjeldan har Norheimsund kyrkje sin vakre akustikk kome betre til sin rett enn i møte med orkesteret som var tromma saman i høve framføringane. Det er noko med det når utdanna musikarar set kvarandre stemne med akkustiske instrument, og alle mikrofonar er gøymt langt vekk. Og det

romslege korpartiet framme i Norheimsund kyrkje var som skapt for det musikalske dramaet «Sommerdrømmen». Det er ein liten musikal med eit stort og viktig tema: økoteologi. Gjennom song, dans og dialog vart me rivne med inn i verda til vesle Ragnhild, som møter skogens dyr og insekter ei lys sommarnatt. Dei fortel henne om korleis menneska tek seg til rette stadig fleire stader, slik at det blir mindre og mindre plass for anna liv.

Vakkert, vakkert, vakkert var det heile. Musikalen vart framført både i Norheimsund og i domkyrkja i Bergen – og foreldra til begge kora hadde sydd kostymer så det var ein lyst. Musikken var det Trond Gilberg som stod for, og teksten var av Sindre Skeie. Og ikkje minst: Eirin Beate Åserud-Løvlie, kantor og barnekor-dirigent i Kvam, hadde sydd det heile saman til ei strålende forestilling.



SMM – samarbeid kyrkjelyd og misjon

I mange år no har kyrkja i Kvam vore samla under ein paraply: alle sokna har oppretta sams avtale med HimaPartner som sin særskilte misjonsorganisasjon. I haust vil sokneråda ta ei vurdering: er det tid for eit byte?

«SMM- samarbeid menighet og misjon» er eit etablert plattform for alle kyrkjelydane i Noreg. Gjennom dette tiltaket har mange kyrkjelydar fått eit misjonsengasjement som kanskje vanta frå før.

For kyrkjelydane i Kvam var det naturleg å finna saman om eit prosjekt. Med Tore og Ragnhild Skeie, tidlegare



misjonærar frå Nepal, som aktive i kyrkjelyden i Vikøy, vart det naturleg at deira organisasjon vart vald som felles misjonsprosjekt for alle sokna.

Det er 7 organisasjonar som utgjer SMM: Normisjon, Stefanus-alliansen, Misjonsalliansen, Det norske Misjonsselskap, HimaPartner, Israelsmisjonen og Aeropagos.

Sokneråda får inga lett oppgåve med å velja. Alle organisasjonane driv verdfullt og byggjande arbeid kvar på sin stad, og er naturlegvis levande interesserte i at kyrkja i Kvam knyter seg til nettopp deira organisasjon. Nokre vert nok skuffa dersom eit mangeårig og godt samarbeid med HimaPartner no skal terminerast, andre tenkjer at det godt med ny giv gjennom nye prosjekt. Sokneråda treng heller ikkje landa på at dei vil einast om eit felles prosjekt: det er ingenting i vegen for at kvart sokn kan finna sin eigen organisasjon. Men dei siste åra har meir og meir av tiltaka i kyrkja i Kvam funne saman i ein minste sams mulitplum, t.d. trusopplæringstiltaka, liturgien, det kyrkjemusikalske arbeidet. Og mykje som talar for at dette er rette vegen å gå.

Så attstår det å sjå, då – kva sokneråda gjer. Og du som kyrkjegjengar og med meiningars mot: kom gjerne med innspel!

Ny prest i Øystese og Ålvik?

Prost Arild smiler frå øyre til øyre: – Det er kome 3 søkjere til stillinga som sokneprest i Øystese og Ålvik.

Men nei, eg kan ikkje seia kven det er på dette tidspunktet i prosessen, seier han, og lyt halda på formalitetane. – Men stillinga vart som kjent lyst ut som PUU – prest under utdanning-, og det har gjeve rørsle i ei stillestående søkjarvakuum, fortel han.

PUU tyder rett og slett at menneske som er i ein utdanningssituasjon med tanke på presteyrket, kan gå inn i fast teneste før fullført studium. Dei vil då få full løn for 60% stilling som sokneprest, og så vil dei resterande 40% av arbeidstida bli brukt til å

fullføra utdanninga. Ordninga kan også høva for søkjarar som ikkje har ein teologisk grunnutdanning, men som har ein tilsvarande fagkombinasjon som kam byggjast vidare på. Den som vert tilsettsett i ein slik avtale, bind seg ikkje berre til å fullføra utdanninga medan han er i arbeid som sokneprest, men også til å binda seg til å bli i den aktuelle kyrkjelyden i to år etter endt utdanning. Sokneråda i Øystese har i desse dagar fått det travelt med å førebua fråsegn om søkjarane, og vera med på å intervjuva desse. Begge råda får ein representant kvar i intervjufasen, men må sameinast om ein representant frå begge råda som skal sitja i sjølve tilsetjingsutvalet.




Prostar i Bjørgvin -
Bjørgvin bispedøme
Prost Arild Hellesøy

Proessen vil nok gå ut over i juni før vedtak er fatta, seier prost Arild Hellesøy.

Endeleg – etter 7 utlysingar kan det sjå ut som om Øystese og Ålvik skal få fast sokneprest igjen. Evigunge Roar Strømme og Brigt Sigve Skeie vert heilt sikkert ikkje arbeidsledige, - kyrkja i heile Noreg ropar etter teologisk arbeidskraft - men kan truleg aksla av seg børja som vikarprestar i Kvam gjennom mange år. Dei skal få sin rettmessige takk når så skjer – ver du trygg.

Høgt og fritt – og aldeles nødvendig



Ser du stillas- konstruksjonen? Det er nesten kunst.

Alexander Gunther vert nesten andektig i målet, der han peikar oppover tårnet i Strandebarm. Den driftige leiaren for prosjektet, med tyske røter og overmåte stor kunnskap om det han held på med, gled seg over at prosjektet marsjerer framover. Snart vil Strandebarm kyrkje funkla som ein diamant i kveldssola.

Men det var eit heilt nødvendig arbeid du har sett i gang, fortel han i ein pause. Godveret i mai må nyttast, må vita – og det er enno mange heller som skal av og på att før arbeidsfolket kan pusta ut og seia: well done! Paralellt med helle-omlegginga foregår det heile tida prosjekt på sjølve tårnet, og

inne på kyrkjelemmen. Her vert vindaugo tekne ut og restaurerte etter alle kunstens reglar. Tårnet vert måla utvendt, roten kledning vert skifta – og ikkje minst: koparhjelen på tårnet skal bytast. Den er truleg frå 1868, og den var slett ikkje tett lenger. Fleire stader var det roteskader etter lang tids lekkasje, og både bjelkar og sperrer har måtta bytast ut.

Inne på kyrkjekvelvinga foregår det også arbeid. Den simple isolasjonen som låg her, er no bytt ut med betre og meir effektiv isolasjon, som vert blesen inn. Likevel: det er stillaset som har fanga mange si merksemd. Som ein slags kakepynt snor det seg kring tårnet – og dei som har bygt det, veit kva dei gjorde. Stillaset er sjølvberande, og kviler ikkje på

taket i det heile. – Nesten kunst, smiler Alexander.

Dei mørke augo hans glimtar, og den effektive mannen hjå Hardanger Fartøyvernssenter tilkjennegev at no lyt han vidare. – Takk for sperrene! helsar han i det han dreg. Og her må effektive lingabuar takkast: to av sperrene på sjølve kyrkjetaket var rotne. 11,5 meter lange dimensjonar er ikkje så lett å få tak i hjå vanlege byggevare-forretningar? Men i skogen på Linga stod det høvelege emne, og handfaste karar drog dei til bygdars og fekk dei transportert fram til kyrkja før sola rann. Dei brukte nok heile vegbreidda og vel så det på transporten – men pytt. «Målet helliger middelet.» Takk skal de ha, karar!

– KONFIRMANTAR 2025 –



ÅLVIK – Bak: Emil Dahle Egdetveit, prest Brigt Sigve Skeie, Joris Karalius, Nicolai Casue Aga
Framme: Eira Grevstad, Sofie Hansen Egdetveit, Anita Cesilie Morillos Larsen



STRANDEBARM – 3. rad: Tommy Augestad, Leon Kvitastein Wilhelmsen, Konrad Augestad, Magnus Tufta Flotve, Isak Bjørke **2. rad:** Thea Magnussen, Ella Måkestad, Emmelin Augestad, Emily Moberg Lokøy, Storm André Larsen, sokneprest Vetle Karlsen Eide **1. rad:** Ida Nybø Skogesal, Iselin Bjørke, Karoline Øygard, Guro Bell Berge, Liv Rogdaberg, Silje Måge



ØYSTESE – 4. rad: Vijus Vencius, Mathias Sandvik Tolo, Ola Haugland Ur, Andreas Nesse Fjærstad, Andreas Stuve Grønsber, Torje Øktner-Flem, Eirik Øvsthus Kolltveit **3. rad:** Jostein Stevnebo Kaale, Tobias Valland, Ciljan Huun, Sigurd Vangdal, Marcus Vikør Bjørke, Johannes Haga Lodden, Anved Tombre Soldal **2. rad:** Konf.lærer Julie Haaberg, Hanna Haug, Melina Mæland, Emilie Vangen, Ylva Huse, Ida Gjerde Rykkje, Ingrid Valland Fykse, Simone Aga Rosseland, Emilie Mæland Barane, Elise Tjosås, Stine Arntzen Bjørke, Kristi Lid Mæland **1. rad:** Kateket Mampion Andriamandimby, Andrine Tveiten, Aina Sørheim Almeland, Erika Sørheim Almeland, Josefine Klyve, Ingrid Langesæter Torsvik, Hedda Mæland, Ella Tanning Kjøsnes, Jagoda Lucja Cieciewicz, Emilie Valland Rykkje, Mirren Vivendel Reed, Elisabeth Vik, Signe Vik, Hanne Berg, prest Brigt Sigve Skeie.



NORHEIMSUND – Rad 5: Sebastian Melcher, Tord Romarheim Høvik, Mikkel Græsdal Berg, Halvor Økland, Endre Øvsthus, Vegard Moldøen Høgenæs, Tord Valland Ystheim, Vegard Øvsthus, Tomas Græsdal Pedersen
Rad 4: Ådne Berge Eide, Sokrates Birkeland, William Kristensen, Isak Røyrvik Lilleskare, Mathias Trones Fykse, Jonas Mo Røyrvik, Kjetil Buene, Gustav Sangolt, Øystein Holstad Tronstad **Rad 3:** Mari Fosso, Aila Viviansdotter Bjørgum, Marcus Kjøsnes, Peder Bjelland Sætrenes, Even Mathias Hatlen, Asgaut Hjartnes Valland Tveit, Emil Alexander Holdhus, Malin Aarekol, Thea Gårdsvoll
Rad 2: Julie Haaberg, Madeleine Oma, Isabel Eikeland, Jessica Pettersen Lothe, Tora Neteland Tørvik, Lisa Grane Hisdal, Tuva Gauteplass Skår, Hermon Tesfation Abed, Milla Sofie Dagsvik Augestad, Mia Rosalia Aslaksen, Aria Carlsen Midtrød, sokneprest Vetle Karlsen Eide **Rad 1:** Ingrid Mo, Silja Bakke Aksnes, Anna Victoria Ones Rosales, Hanna Storaker Lindøy, Anne Karine Sandven, Ronja Måkestad, Oda Østebøvik, Maylinn Kathrine Håland

Frå krigssone til fredelege kyrkjegardar

Kyrkja i Kvam er eit fargerikt fellesskap. Her svirrar ulike tungemål gjennom lufta kvar dag. Kongolesisk, ukrainsk, tysk, aserbajdjansk, gassisk, amerikansk – inkje er oss ukjent. Dmytro Protasenko, til dagleg kalla Dima, er siste tilskot til arbeidsstokken.

Dima har på kort gjort seg heilt uunnverleg i kyrkja i Kvam. Han melde seg til teneste då me trong det som mest, og spurde: – Har de bruk for meg? Og det hadde me. Graset veks så me mest kan høyra det, og våren kom frykteleg tidleg? Her var det berre å kasta seg uti det. Lynkurs i køyring av plenetraktor vart gjennomført – and off you go. Den gode Dima er utdanna stålingeniør, og bur i dag i

Strandebarm med kone og barn. Han har no i sommar ansvaret for vedlikehald av alle kyrkjegardar frå Ålvik til Tørvikbygd, og dette er ein mann som tek oppgåva alvorleg. Men flid og innsats som ein bever med nyss motteke byggeløyve, pussar han så det er ein fryd. Godorda kjem frå mange til redaktøren sitt kontor: No er det fint slått på kyrkjegarden vår!

Bonje frå Kongo lyt også få nokon ord. Han heiter eigentleg Ntagambwa Mbonumyremyi – så då skjønar du at det vart Bonje som var enklast for oss kvemmingar. Han er ikkje ukjent hjå oss, han har etterkvart relativ lang fartstid som vikar for kyrkjetenar. Nett no er det i Øystese hans tenester trengst mest, og Bonje har berre eit ord i sitt vokabular: Ja, det kan eg gjera! I ledige stunder hjelper han til der det trengs ei hand, anten det gjeld graving av graver, eller med plenslått.

Og tankevekkande er det: i begge desse karane sine heimland

er det krig og ufred som rår. Verda vert lita når ein får det tett inn på livet.

Lenge leve vårt fargerike fellesskap!



Dima og Bonje

Nokon dreg, andre kjem

«Turnover» er eit ord som dei fleste arbeidsgjevarar lyt stifta kjennskap til. På godt norsk vil me kanskje seia gjennomtrekk? Uansett: det handlar om menneske som dreg vidare i livet – og andre som kjem.



Bryna Opdal, vår gode trusopplærar, har sagt opp si stilling i kyrkja i Kvam. For henne var tida rett til å skfita beite. Ho dreg ikkje så langt, og har fått fast stilling som lærar på Friskulen i Vikøy. Bryna har i fire år vore tilsett som

trusopplærar, og har knytt mange, mange band i denne tida. Ho har ein eigen evne til å få menneske og born til å kjenna seg velkomne – og ho er på førenamn med dei aller, aller fleste.



Solveig Lønning Sangolt har lengre fartstid i kyrkja i Kvam. Ho har vore kyrkjelydspedagog her i 10 år. Ho kom inn då trusopplæringa var i sin spede barndom, og har fått vore med og forma denne nye greina i kyrkja gjennom heile denne perioden.

Tobarnsmora frå Norheim med røter frå Stord, har hatt mest fokus på dei litt eldre barna, og når det kokar som verst med overnatting i kyrkja på Lys vaken, eller når Tårnagentane er på skattejakt i skumle kyrkjetårn – ja, då har Solveig det som plomma i egget. Solveig har fått permisjon frå si stilling i ett år.

Me kjem til å sakna dei begge! Og kven som kjem? Sjå, det veit me ikkje. Men antennene er oppe, og følarane ute. Det skal nok laga seg, skal du sjå.

Takk for fylgjet, begge to!

Lyden av kyrkja

Olav Skeie Lid

Stilla er lydar sitt fråver,
stilla er balsam for sinnet,
stilla er regn i gråver,
stilla finst djupt, djupt her inne.
Stilla er naturen sitt andedrag,
stilla er faldra hender,
stilla er sjela sitt hjerteslag,
stilla er sovande grender.

Det finst ein lyd som er fødd i djupet,
ein lyd som er hjarta sin song,
det er lyden av skapningens strupe,
ein lyd som vart fødd ein gong:
lyden av tusentals menneskeborn,
lyfte i song mot Guds ande,
lyden av raspende kvasse torn,
pressa mot blødande panne.

Dette er kyrkja sin eigen lyd,
ja, dette er kyrkjelyden vår!
den er fødd i trengsle og fryd,
lyden som angar av vår:
Lyden av gurglande, søte små,
på mors arm mot dåpen sitt bad,
lyden av skjelvande, gamle grå,
i vona om den evige stad.

Det er lyden av subbande føter,
på veg mot altarbordet,
slurpinga der menneska møter Herren
i nådemidla og Ordet.
Lyden av mumlande takk frå dei mange,
som ikkje skjønar – men trur,
lyden av liturgiens århundrelange ord,
som grunnfest i hjarta bur.

Dette er lyden av den heilage fred,
den lyden som vart din og min;
lyden av knelende, knirkande kne,
på altarringens slitne skinn,
lyden av fnisande 15-årsjenter,
i trassig undervisning til konfirmasjon,
lyden av 4-åringar
som ivrige hentar boka
om den evige von.

Lyden av knitring i mikrofonen,
som for lengst burde ha vore skifta,
lyden av den litt messande tonen,
når presten forkynner frå skrifta.
lyden av orgelet, der fagottpipa er falsk,
og det knirkar i pedalen,
lyden av Fader Vår på nepalsk,
når misjonsgløden er tent i salen.

Lyden av flygelet sin salmeswing,
ikledd drønnande bassgitar,
lyden av mobilen sitt døyvde pling,
lyden av tastetrykk frå far
som nett må senda ein liten beskjed,
sjølv om presten er midt i preika,
kona sitt lynande blikk legg mobilen ned,
og krisa er over kneika.

Lyden av presten sin velbudde tale,
orda som gjev mat til sjela og sinnet,
lyden av nabobruket sin brekande smale,
som når heilt inn til kyrkja her inne.
Lyden av prosten sin uavskrudde mobil,
som varslar scoring frå Leeds sine søner,
eit lag som presterer ganske ustabil,
– men som har fast plass
i prosten sine bønner.


Lyden av utolmodige, kviskrande ungar:
«Mamma, kor tid er presten ferdig?»
Lyden av salmen som mot kvelven rungar,
«Herre, ditt namn er verdig!»
Lyden av disco frå sundagsskulen sitt rom,
der barna med playback regjerer,
lyden av offerposen som går rundt,
nesten tom
– mens VIPPS-tasting oftare florerer.

Lyden av den nervøse knitringa
av gudstenestearket i dåpsforeldra si hand,
som kjenner på den bivrande sitringa:
Sitja eller stå? – Herregud,
dette er meir enn eg kan!
Lyden av dåpsvatnet si surlande sutling
mot hårlaus barneskalle
lyden av konfirmanten si evige putling
med mobilen,
– ja, Gud hjelpe oss alle!

Lyden av gjesping frå
ein sliten småbarnsfar,
lyden av kviskring i benkjer
lyden av klokker som gjennom
morgonen bar,
lyden av tungpusta enkjer,
lyden av menneske – nett slik dei er,
komne til Guds hus i morgonstund,
lyden av livet, i all si ferd,
samla på Ordet sin grunn.

Lyden av dei heilage, rett og slett,
som vantar både eitt og hitt,
som treng til Guds nåde,
– det er verdig og rett,
– og som alle slit med livet sitt,
Lyden av lovsong og takk for hans nåde,
lyden av det eldgamle Fadervår
lyden av sukk med bøn om vern for våde,
lyden av føter som går

Går ut att av huset,
tårer i jublande dagen,
fornya i sinn, og med nytt mot,
den umiskjennelege lyden av
rumling i magen,
kyrkjekaffi er sælebot.
Dette er lyden av kyrkja i Kvam,
dette er kyrkjelyden som summar,
måtte me aldri koma så langt fram,
at lyden av kyrkja forstummar.



Soknerådet i Ålvik med stordugnad

«Forsømo teke ka ho faor.»

Det gamle kvemske uttrykket kan ein dra fram i alle livets samanhengar – også når det gjeld vedlikehald av ei kyrkje, og ikkje minst ein kyrkjegard. Ålvik er ikkje noko unntak i så måte – men soknerådet har bestemt seg: «forsømo» skal slett ikkje få overtaket.

Det er ein årleg tradisjon at sokneråda kringikonmen vår tek ein raptus om varen, og tek attende det som vinteren har prøvd

å ødeleggja. I Ålvik har det over tid umerkeleg grodd mose på hellene, og det har sneke seg inn framand vegetasjon i hekkar og prydbuskar. Travle kyrkjegardsarbeidarar rekk ikkje alt i sin kvardag – og då er det at soknerådet i Ålvik grip hansken. I to kveldar sveiv det over kyrkjegarden med ulike tarvende og reiskapar, - og sjå kor vakkert det heile vart!

Kyrkjeblad-redaktøren og kyrkjuverja samstemmer: ingenting er meir gledeleg enn frivillig arbeid. Tusen takk, sokneråd!



Billetekst

GUDSTENESTER I SOKNA

15. juni
Ålvik kyrkje kl 11.00

15. juni
Vikøy kyrkje kl 12.00 – Merk tida!
Folketonemesse & båtfestival

22. juni
Strandebarm kyrkje kl 11.00
Øystese kyrkje kl 11.00

29. juni
Vikøy kyrkje kl 11.00

6. juli
Øystese kyrkje kl 19.00

13. juli
Strandebarm kyrkje kl 11.00

20. juli
Vikøy kyrkje kl 11.00

27. juli
Øystese kyrkje kl 11.00

3. august
Strandebarm kyrkje kl 19.00

10. august
Norheimsund kyrkje kl 11.00

17. august
Strandebarm kyrkje kl 11.00

17. august
Øystese kyrkje kl 11.00
Strandebarm kyrkje kl 11.00

24. august
Norheimsund kyrkje kl 11.00
Ålvik kyrkje kl 11.00

31. august
Øystese kyrkje kl 11.00

6. september
Norheimsund kyrkje kl 11.00
Konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantar

6. september kl 17.00
Ålvik kyrkje
Konfirmantpresentasjon

14. september
Øystese kyrkje kl 11.00
Konfirmantpresentasjon og 50-årskonfirmantar

14. september
Strandebarm kyrkje kl 17.00
Konfirmantpresentasjon og 4-årsbok

21. september
Gudsteneste Ålvik kyrkje kl 11.00
4-og 6-årsbok. Hausttakkefest

21. sep
Gudsteneste Norheimsund kyrkje kl 17.00
4- og 6-årsbok

28. september
Gudsteneste Strandebarm kl 11.00
Dialektfestival

28. september
Gudsteneste Øystese kyrkje kl 17.00
4-årsbok

Legoklubben

Legoklubben er eit populært tilbod i kyrkjene i Kvam. I vår var det 2. trinn i Norheimsund og Vikøy sin tur. 24 born møtte opp tre onsdagar for å syngja, byggja bibelforteljing i Lego og ete kveldsmat til slutt. Denne onsdagen var det påskeevangeliet som var tema.



Samlingsstund ved leiar Solveig Lønning Sangolt.



Aina Øvrehus vart godt nøgd med byggverka.



Veronica Steine Osmo (t.v.) og Alma Bjelland gjer siste finish på byggverket.

FRÅ KYRKJEBØKENE



Gravferd

Ålvik sokn

Björg Gunvor Aalvik, f. 1934
Sigmund Linga, f.

Øystese sokn

Piotr Pawel Groelh, f. 1987
Øyvind Børve, f. 1938
Nils Bjarte Rosseland, f. 1952
Harald Soldal, f. 1942
Arnvid Spilde, f. 1939
Unni Margrete Nestås, f. 1946
Ingrid Øvrevik Vendshol, f. 1946

Vikøy sokn

Signe Ørbeck Mo, f. 1933
Anne Marie Byrkjeland, f. 1969
Margit Eide, f. 1928
Harald Kvernes, f. 1956
Rolf Valland, f. 1942

Jo Skeie, f. 1978

Agnes Tolo, f. 1930
Astrid Aga, f. 1933
Haldor Sandven, f. 1962
Øystein Flotve, f. 1936
Berit Byrkjeland, f. 1942
Inger Berit Skjervheim, f. 1948
Ragnhild Norheim, f. 1929
Ingeborg Bøen, f. 1920

Strandebarm sokn

Hans Måge, f. 1936
Olga Marianne Tordal, f. 1927
Jorunn Steine, f. 1948
Ruth Tora Tordal, f. 1929



Dåp

Strandebarm sokn

Jenny Engelina Leirstein
Steinar Fosso
Herman Kolltveit Nes
Magnus Håbrekke Bleika
Tuva Gjerde Riise

Øystese sokn

Lucia Haltvik Handegard
Jenny Økland
Theo Haltvik Hansen
Alva Flatabø
Trygve Torpe
Mirren Vivendel Reed
Mathea Thorvik

Vikøy sokn

Tora Torsvik
Vebjørn Torsvik

Josefine Botnen Espeseth
Mia Rosalia Aslaksen



Vigde

Strandebarm sokn

Maria Elena Aga Gjøen og
Daniel Barsnes
Trine Flotve og Harald Brekke

Vikøy sokn

Hanna Sandven og
Sverre Valland
Maren N. Byrkjeland og
Thorvald Mosvold
Hilde Rykkje og
Sander Prestegård
Siril Nilsen og Emil Aasebø
Fredrik B. Due og
Håkon R. Olsnes

- Din lokale VVS-leverandør

Våre fagfelt:

- Sanitæranlegg
- Varmeanlegg
- Blikkenslagerarbeid
- Luftbehandlingsanlegg
- Automasjon/SD-anlegg
- Rehabilitering
- Nybygg hus/hytter
- Service

Tlf. 56 55 36 00 - www.tecno.no - E-post: post@tecno.no

Hardanger og Kvinnherad
GRAVFERDSBYRÅ

Flivets vanskelegaste augeblikk er me her for deg

Døgnope vakttelefon 56 55 82 90
Blombestilling 56 55 10 55

Øystese Elektriske AS

DIN LOKALE ELEKTRIKAR
- brei erfaring innan bustad, industri og landbruk

Installasjon og service av:

- Sterk- og svakstrøm
- ENØK og smarthusløyserar
- Tele og datanettverk
- Varmepumper

Tlf: 56 55 04 40 · www.oelas.no

TRANSPORT | KRANARBEID | MASKINTRANSPORT
CONTAINERUTLEIGE | SAL AV FØR, SINGEL OG SAND

JAN MO A.S.

Øystese | 56 55 59 22 | janmo.no

GULES

Gule's Landbruk har eit breitt sortiment av reiskap for jordbrukar, entreprenørar og kommunar.

Firmapost@gules.no

Hardangerfjordvegen 569, 5610 Øystese. Tlf 56 55 53 19

JOHAN SKEIE AS
GRAVING • BETONG • BRØYTING

Du når oss på tlf 915 45 745

Monter
Kvam

info@monterkvam.no TLF 56904089

EXTRA
Gjør det billig!

EXTRA ØYSTESE
Sjusetevegen 5
56 55 03 60
Åpningstider: 07-23 (08-21)

coop byggmix
Din lokale faghandel

COOP BYGGMIX ØYSTESE
Sjusetevegen 5
56 30 85 72
Åpningstider: 08-18 (09-16)

Din lokale bilforhandler
Tlf 56 55 04 55

Toyota Norheimsund AS

optikk Bjelland

Briller - kontaktlinser - ur
www.optikar-bjelland.no tlf.: 56 55 20 50

HARDANGER BYGGSENTER

www.hardangerbyggssenter.no

BYGGtorget MESTERHUS
- det blir som avtalt

GRAVSTEINAR KUNST STELL

• OPPRETNING • VASKING • OPPUSSING
• SAL AV GRAVMINNE • NAMNETILFØRING

AGENTUR FOR EIKNER NATURSTEIN
ÅLVIK, ØYSTESE, VIKØY OG TØRVIKBYGD

EIKNER NATURSTEIN
www.eikner.no

TILBOD OG SYNFARING:
Arvid Strømme tlf. 995 97 848
• kunststell@gmail.com

Gravminner
- spør våre lokale samarbeidspartnere

Strandebarm og Mundheim:
L.M. Leiv Magnar Fosse
Fosse tlf. 406 11 817 • leivmagnarfosse@gmail.com

Ålvik, Øystese, Vikøy og Tørvikbygd:
Arvid Strømme og Hildegunn Strømme
tlf. 995 97 848 • kunststell@gmail.com

EIKNER NATURSTEIN
www.eikner.no

Eikner Naturstein AS
Ulsmågveien 27
5224 NESTUN
Tlf. 55 98 70 00
firmapost@eikner.no

KVAM KRAFTVERK

Til deg! For deg!

Sparebanken Norge

www.spv.no | Tlf. 05555

Krølletreff

Kva er krølletreff, spurde ei mamma i kyrkja her om dagen?

Ja, kva er linken mellom kvite og søte smålam, både av naturleg storleik og art, og dei meir mjuke og små som har gøymt seg i kyrkjebenkene og bak døypefonten, - og kyrkja sin evige bodskap? Her er det rom for mange assosiasjonar og teologiske utgreiingar for den som vil. Men for ein liten tre-åring er det heilt uvesentleg – det viktigaste er at lammet som brekar utanfor kyrkja, er mjukt og levande, og at lammet som han får som gåve når han reiser, er så utruleg mjukt å kosa med.

Krølletreff høyrer våren til, og alle som er døypte i Den norske kyrkja, vert inviterte til krølletreff i si kyrkje. Og skal tru om ikkje Han som er kyrkja sin Herre, og som også har tilnamnet den gode gjetar, smiler og syns at symbolikken og koplinga er framifrå?



Billy Langeland-Heggland, Eirik Fosse Øyri og Aidan Rykkje kosar seg med lamma frå Hellestveit Gard. Foto: Bryna Opdal



6-ÅRSBOK – Komande 1. klassingar fekk bok i gudstenesta i Strandebarm kyrkje 25. mai.

Munter soge

Ei mor og hennar gut tok ofte trikken i Bergen. Guten følgde nøye med på alle passasjerar som steig på, og kommenterte høglytt: «Hun er tykk; han er jo rene beinrangelet, se på den gamle damen!» Mora gav klar melding til sonen: «Slutt og si noe om alle de som stiger på! Vi kan heller snakke om dem når vi kommer hjem.» Så ein ny dag, og tur med trikken. Ein høg og fyldig herre stig på. Gutten ser på mor si og seier: «Du mamma, han der skal vi snakke om når vi kommer hjem!»

Arne O. Øystese